

## Oppstart av Hobbyklubben.

06.01.2017



Eit av dei første bileta nettavisa presenterte frå Hobbyklubben. Hausten 2006. Jon Harald er framleis med som leiar.

**Dei mange fritidstilboda er i ferd med å koma i gang etter juleferien, og førstkommande mandag kl.19 startar vårsesongen for Hobbyklubben i bedehuset. Klubben er no midt inne i sin 12. sesong etter oppstarten, og gjennom desse åra har dei hatt eit spennande aktivitetstilbod til born og unge.**



Denne gjengen utgjorde flygruppa hausten 2006.

Ein av initiativstakarane, Tore Mathiesen, som heile tida har vore med i leiargruppa for dette populære aktivitetstilbodet, fortel at dei denne våren kan lokka vmed tre ulike aktivitetsgrupper. Det er:

- Avisgruppa som skal lage påskenummer av Uskedalsposten.
- Matgruppa som lagar matrettar til servering på klubbkveldane
- Hobbygruppa som lager ymse ting.

Han fortel at dei kjem til å veksla mellom aktivitetsekveldar og miljøkveldar. Det vert miljøkveldar 9/1 og 20/2. Aktivitetsekveldar vert det 23/1, 6/2, 6/3 og 20/3. Hobbyklubben avsluttar sesongen før påske, og har sesongavslutning den 3.april. Klubbkveldane startar altså kl.19 og varer til kl. 20.30 som før. Leiarane ser fram godt fram møte og ein kjekk og innhaldsrik vårsesong.

I denne samanhengen kan det vera verd å nemna at då representantane frå Sparebankstiftinga var og delte ut refleksvestar til barnehageborn og skuleelevar før jul, sa dei at det var påfallande kor flinke uskedalingane, både born og vaksne, var til å bruka refleks samanlikna med andre. Eg meiner Hobbyklubben fortener ein del av æra for dette. Dei har heile tida hatt fokus på at medlemene skal bruka refleksvest til og frå klubbkveldane, og har fleire år arrangert konkurransar. Dette har vore viktig! Sjølv sagt deler nok Hobbyklubben æra med andre flinke oppsedarar.



[Dette bildet fra inneverende sesong viser at det framleis er god oppslutnad om klubben.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto: Tore Mathiesen og arkivfoto: Ola Matti Mathisen.